



**Utval:** Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Møterom 2.etg, Kommunehuset  
**Dato:** 17.03.2016  
**Tid:** 10:00 – 12.25

**Fylgjande medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Karin Bergland	Leiar	
Aud K Syvertsen Lukassen	Nestleder	
Torleiv O. Veum	Medlem	
Berit Gulbrandsen	Medlem	
Torleiv Hvistendahl	Medlem	AP
Anne Mette Hjort-Jensen	Medlem	
Momrak		
Olav Torgeir Metveit	Medlem	

**Fylgjande medlemmer møte ikkje:**

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

**Fylgjande varamedlemmer møte:**

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

**Fylgjande frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Ketil Kiland	Rådmannen
Gudny Lauvrak	Psykiatrikoordinator
Gunn Marit Aslestad	Sjuepleiar

Saker til handsaming: (sak nr./år, f.o.m. – t.o.m.)  
PS 4/16 – 9/16

Merknader til møteboka:

Godkjenning av protokoll:

\_\_\_\_\_

utvalsleiar

Fellestenesta  
utvalssekretær

Rådmannen si godkjenning, jfr. sakshandsamingsrutiner pkt. 12.0:  
Ketil O. Kiland  
rådmann

## Saksliste

<b>Utvals- saksnr</b>	<b>Innhald</b>
---------------------------	----------------

---

PS 4/16	Referatsaker
RS 5/16	Orienteringar og meldingar
RS 6/16	Fyresdal frivilligsentral - tilskot 2016
RS 7/16	Frivilligsentral
PS 5/16	Budsjett 2016, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
PS 6/16	Årsmelding 2015, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
PS 7/16	Råd i kommuner og fylkeskommuner for ungdom, eldre og personer med funksjonsnedsettelse - høyring
PS 8/16	Høyring - forskrift om klageordning for berørte kommunar i forbindelse med fastsetting av ny tenestestadsstruktur i politi- og lensmannsetaten
PS 9/16	Kommunereforma - avslutning

Fyresdal 9. mars 2016

Karin Bergland  
utvalsleiar

Fellestenesta  
utvalssekretær

## **PS 4/16 Referatsaker**

### **RS 6/16 Fyresdal frivilligsentral - tilskot 2016**

### **RS 7/16 Frivilligsentral**

#### **Frivilligsentral**

Utdelt i møte:

Torleiv Veum sitt innlegg til rådet frå 30.12.13. Frivillighet i Fyresdal. Ide for året 2014. Samarbeidsavtale med Telemark Lys datert 23.11.15.

Hilde Berntsen er tilsett som prosjektleder for frivilligsentralen. Ho startar 18.april. Rådet ynskjer møte med ho når ho er i gang.

### **RS 5/16 Orienteringar og meldingar**

#### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

#### **Heis i badebasseng**

Rådet meiner det bør kunne leggst tilrette for at funksjonshemma kan kome ut i badebassenget.

Dette bør teknisk i kommunen ta på alvor og sjekke ut kva som må til for å få dette til. Administrasjonen bør legge fram ei sak på dette til neste møte i rådet, samt til OKO og kommunestyret.

#### **Orientering frå psykisk helse**

Gudny Lauvrak og Gunn Marit Aslestad orienterte om arbeidet med rus og psykiatri.

Generelt om psykiatri og rus/psykiatriske lidningar.

Samarbeid med alle instansar i kommunen og Sjukehuset Telemark distrikts psykiatri.

Samtaler og heimebesøk, problemløysing. Langvarig og tidkrevande arbeid.

Dei ser heile menneske og henviser vidare til andre der det er behov.

Meinstadkafe er kvar måndag og er godt besøkt, spesielt av eldre.

Der er ein del som droppar ut av vidaregåande – det er bekymringsfullt.

Finne møteplassar for denne gruppa er ei utfordring.

Gunn Marit Aslestad tek utdanning nå. Psykiske lidningar og rusrelaterte problem.

Gudny Lauvrak har og dette i si utdanning.

Så langt er det ikkje avsatt noko stillingsheimel for å arbeide med dette.

Opptappingsplan for psykisk helse var starten på tilsettingane. Vi har nå 165 % stilling.

Vi har ikkje ruskoordinator i kommunen. Dette i samband med folkehelse, så bør vi ha ruskoordinator for å kunne arbeide mellom anna førebyggjande med ungdomane – det trengs. Rådet ynskjer ein sak i neste møte på dette feltet der det er fokus på førebygging og psykisk helse. Førebygging er det viktigaste.

Kan psykiatritenesta gje informasjon via kommuneinformasjonen om kor folk kan henvende seg med ulike problematikkar. AA, Røde Kors, prostdiakonen, Samtaletelefon, Borgestadklinikken, Mental Helse hjelpetelefonen med fleire.

Frå medlem i rådet kom det innspel på at enkelte syns det er lite hjelp å få i samband med alkohol. Vi er så få og alle kjenner alle.

Personane må ville ha hjelp meiner psykiatritenesta.

## **Kurs**

Nordsjø – Leiarkonferanse 18.april - framlegg om at Berit reiser. Sekretær melder på.

Melsomvik – Eldrerådets rolle og funksjon 2016, - ikkje aktuelt

Langesund – Riktig og redusert bruk av tvang i psykisk helsevern i Telemark og Vestfold 29.april. Aud tek kontakt om dette passasjer, ho sjekkar og med Anne Mette.

Kongsberg – Samling med SAFO, 28.mai. Karin reiser og melder seg sjølv på.

## **PS 5/16 Budsjett 2016, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Saka blir lagt fram utan innstilling.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Rådet har 20 000,- til rådighet og ynskjer å nytte desse til ulike behov gjennom året.

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Rådet set ikkje opp budsjett for 2016.

## **PS 6/16 Årsmelding 2015, Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Årsmelding 2015 for Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal blir teken til vitande.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Merknad til at representantane ikkje nødvendigvis treng vere medlemar i pensjonistlaget. Elles i samsvar med innstilling frå rådmannen.

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Årsmelding 2015 for Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne i Fyresdal blir teken til vitande.

## **PS 7/16 Råd i kommuner og fylkeskommuner for ungdom, eldre og personer med funksjonsnedsettelse - høyring**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune syner til høyringsbrev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, datert 15.02.2016 med vedlagte høyringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar for

ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing og sluttar seg til endringsforslaget for kommunelova § 10 b.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Rådmannen orienterte om saka.

Torleiv Veum la fram dette framlegget i møte:

*Det er viktig at dei ymse gruppene som eldre, menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom har svært forskjellige interesser og talspersonar.*

*Desse gruppene bør vere representert i egne valde råd. Det er svært forskjellige krav til kompetanse både til medlemmer og sekretariat for desse.*

*Framlegget til lovendring bør ikkje vedtakast.*

Ein stemme for Torleiv Veum sitt framlegg og seks stemmer for rådmannen framlegg.

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Fyresdal kommune syner til høringsbrev frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, datert 15.02.2016 med vedlagte høringsnotat om råd i kommunar og fylkeskommunar for ungdom, eldre og personar med funksjonsnedsetjing og sluttar seg til endringsforslaget for kommunelova § 10 b.

## **PS 8/16 Høyring - forskrift om klageordning for berørte kommunar i forbindelse med fastsetting av ny tenestestadsstruktur i politi- og lensmannsetaten**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune ynskjer primært ikkje at forslaget til forskrift om klageordning for berørte kommunar i samband med fastsetting av ny tenestestadsstruktur i politi- og lensmannsetat blir tatt til følge.

Dersom ny forskrift blir vedtatt ber Fyresdal kommune sekundært om at det blir innarbeida særskilte kriterier for kommunar med lang responstid for å sikre ein forsvarleg beredskap også i slike område i landet.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Rådmannen orienterte om saka.

Framlegg frå rådet:

Fyresdal kommune ynskjer ikkje at forslaget til forskrift om klageordning for berørte kommunar i samband med fastsetting av ny tenestestadsstruktur i politi- og lensmannsetat blir tatt til følge.

Samrøystes

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Fyresdal kommune ynskjer ikkje at forslaget til forskrift om klageordning for berørte kommunar i samband med fastsetting av ny tenestestadsstruktur i politi- og lensmannsetat blir tatt til følge.

## **PS 9/16 Kommunereforma - avslutning**

### **Innstilling frå rådmannen:**

Fyresdal kommune har delteke i forprosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet. Dette arbeidet har ikkje gitt resultat for å kunne slå saman alle seks kommunane i Vest-Telemark eller ei samanslåing med nabokommunen Tokke.

Fyresdal kommune meiner da at måla for kommunereforma må nåast ved eit godt interkommunalt samarbeid og rammeoverføringar som svarar til dei oppgåvene kommunane skal løyse. Dette vil gje både gode og likeverdige tenester der ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling kan takast i vare.

Fyresdal kommune meiner å vere ein berekraftig og økonomisk robust kommune som geografisk ligg slik til at ei kommunesamanslåing kunne ha truga lokalt tenestetilbod, næringsutvikling og busetting.

Fyresdal kommune meiner at det både regionalt og lokalt er eit demokrati som fungerer svært godt, og kanskje betre enn ved samanslåing av kommunar i Vest-Telemark. Fyresdal kommune meiner da at det ikkje er grunnlag for å høyre innbyggjarane ut over det som er gjort gjennom prosess og avstår frå å gjennomføre rådgevande folkeavrøysting eller innbyggjarhøyring.

Fyresdal kommune meiner å ha gjennomført lokal prosess knytt til kommunereforma i samsvar med bestillinga frå Regjeringa og melder nå innan fristen frå om at det ikkje lenger er grunnlag for å få slått saman kommunen med ein eller fleire andre kommunar.

### **Handsaming i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Rådmannen orienterte om saka.

Samrøystes i samsvar med innstilling frå rådmannen

### **Vedtak i Råd for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne - 17.03.2016**

Fyresdal kommune har delteke i forprosjekt i regi av Vest-Telemarkrådet. Dette arbeidet har ikkje gitt resultat for å kunne slå saman alle seks kommunane i Vest-Telemark eller ei samanslåing med nabokommunen Tokke.

Fyresdal kommune meiner da at måla for kommunereforma må nåast ved eit godt interkommunalt samarbeid og rammeoverføringar som svarar til dei oppgåvene kommunane skal løyse. Dette vil gje både gode og likeverdige tenester der ei heilskapleg og samordna samfunnsutvikling kan takast i vare.

Fyresdal kommune meiner å vere ein berekraftig og økonomisk robust kommune som geografisk ligg slik til at ei kommunesamanslåing kunne ha truga lokalt tenestetilbod, næringsutvikling og busetting.

Fyresdal kommune meiner at det både regionalt og lokalt er eit demokrati som fungerer svært godt, og kanskje betre enn ved samanslåing av kommunar i Vest-Telemark. Fyresdal kommune meiner da at det ikkje er grunnlag for å høyre innbyggjarane ut over det som er gjort gjennom prosess og avstår frå å gjennomføre rådgevande folkeavrøysting eller innbyggjarhøyring.

Fyresdal kommune meiner å ha gjennomført lokal prosess knytt til kommunereforma i samsvar med bestillinga frå Regjeringa og melder nå innan fristen frå om at det ikkje lenger er grunnlag for å få slått saman kommunen med ein eller fleire andre kommunar.